

## **Samandrag frå leiarmøte i Valle kommune**

**05.06.2025**

**Valle kommunehus – videomøterom**

**Kl. 12.00 – 15.00**

---

### **1. Møteinformasjon**

Møteleiar:

Vidar Homme (Kommunedirektør)

Referent:

Kay Arne Søgård (Prosjektleder kommuneplan)

Tilstades:

Ann Christin Rikenberg Jacob (Personalsjef)

Gunn Marith Homme (Leiar velkomstsenter)

Janne Nystøl (Rektor Valle skule)

Magnus Berg (Leiar teknisk)

Petra Marie Gunnarsdotter Trydal (Økonomisjef)

Solveig Kyrvestad (Leiar pleie- og omsorg)

Torgeir Andreas Frafjord Helle (Barnehagestyrar)

Torunn Charlotte Nyberg (Leiar kultur og fritid)

### **2. Agenda**

Forankring av ROS – Setesdal, og kunnskapsgrunnlaget.

Sidan arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen tok litt lengre tid enn planlagt, er det no naudsynt å oppdatere kunnskapsgrunnlaget som opphavleg vart utarbeidd i samband med planstrategien. Grunnlaget er over eitt år gammalt no, og i mellomtida har både ein folkehelseoversikt og ei ROS-analyse for Setesdal kome til.

Dette vert derfor eit sentralt tema på leiarmøtet, der ein skal vurdere korleis ROS-analysen for Setesdal påverkar dei enkelte avdelingane i kommunen. Ein må også sjå om det har dukka opp ny kunnskap som kan få tyding for avdelingane, men som ikkje var med i det opphavlege kunnskapsgrunnlaget. I tillegg vil ein diskutere om dei eksisterande sektorvise temaplanane treng revidering, eller om det er behov for å lage nye.

## **Oppsummering og tolkning av innspill i samband med kunnskapsgrunnlaget, med tilknytning til fokusområde**

Nasjonale trendar som økonomisk press, personellmangel og treg teknologimplementering går igjen i mange av innspilla. Dette påverkar alle fire fokusområda. For bulyst ser vi utfordringar knytt til arealforvaltning og demografisk utvikling med fleire eldre og færre i arbeidsfør alder. Arbeidsplassane vert påverka av rekrutteringsvanskar og eit minkande tal arbeidstakarar, samtidig som kompetansekrav aukar.

Folkehelse kjem til syne gjennom bekymringar om psykisk helse i samband med digitalisering og endringar i arbeidslivet. Beredskapen vert påverka av nasjonale og internasjonale utviklingstrekk, inkludert endringar i forsvarspolitik og økonomiske rammevilkår.

Ein fellesnemnar for mange av utfordringane er at dei krev breiare tenking og samordning mellom ulike sektorar. Til dømes vil tiltak for å betre arbeidsplasssituasjonen også kunne påverke bulyst og folkehelse positivt. Samstundes viser innspilla at enkelte utfordringar, som dokumentasjonsbyrden og byråkrati, går på tvers av alle fokusområda og kan vere område der enklare løysingar kan gje stor effekt.

### **Punkter til videreføring i del 2 (mål og strategiar):**

Gjennomgåande i diskusjon om kunnskapsgrunnlaget kjem det fram fleire innspill som bør vidareførast til arbeidet med mål og strategiar i del 2:

- Eit sentralt punkt er behovet for kompetanseutvikling og rekruttering, spesielt med omsyn til demografiske endringar (fleire eldre, færre i arbeidsfør alder). Dette bør inkludast i strategiane for å sikre tilstrekkeleg personell i alle sektorar, inkludert helse og omsorg.
- Økonomisk styring er ein annan viktig faktor, der innspilla peikar på at ein bør utvikle meir fleksible budsjettmodellar som tek høgd for usikre framtidige inntekter (som minkande oljeinntekter) og auka kostnader.
- Digitalisering og teknologi må styrkast, både for å auke effektiviteten og for å redusere administrativ byrde. Dette inkluderer å gjere systema enklare og meir brukarvennlege.
- Areal- og naturforvaltning bør inkludast i strategiane, sidan avgrensa areal og klimaendringar kan skape utfordringar for både bustadpolitikk, næring og beredskap.
- Til slutt er det eit klart behov for betre samordning mellom sektorar, noko som inkluderer å forenkle regelverk og minske byråkrati for å gjere det enklare å tilpasse seg nye utfordringar.

## **Oppsummering og tolkning av ROS**

Gjennomgåande i innspilla kjem fleire alvorlege utfordringar fram som direkte påverker kommunal beredskap. Den mest påtrengande trusselen er den demografiske utviklinga med aukande andel eldre og minkande arbeidsføre innbyggjarar. Denne utviklinga skapar eit

dobbeltproblem for beredskapen: færre personar til å utføre kritiske oppgåver samtidig som behovet for tenester aukar.

Økonomiske faktorar utgjer ein annan sentral utfordring. Reduserte oljeinntekter og auka press på offentlege budsjett fører til tøffare prioriteringar, noko som direkte påverkar ressursar til beredskap. Spesielt merkbart er diskusjonen om NATO-krav og forsvarsbudsjett, som indikerer ei tid med auka internasjonal uro og samtidig innanlands ressursmangel.

Digitaliseringsutfordringane som er nemnt i referatet, inkludert treg teknologiimplementering og behov for nok opplæring representerer sårbarheitsområder for beredskapen.

Ei underliggjande bekymring som går igjen, er mangelen på fleksibilitet i systema. Dette viser seg gjennom kommentarar om byråkrati, dokumentasjonskrav og nasjonal standardisering som gjer det vanskeleg å tilpasse seg lokale behov. Slik stivleik reduserer evna til rask tilpassing i krisesituasjonar.

Straumbrot viser seg og vere ein kritisk sårbarheit som rammar alle kommunale avdelingar og tenester. Ved langvarige brot vil både helse- og omsorgstenester, vass- og avløpssystem, kommunikasjon og digital infrastruktur bli alvorleg påverka. Særleg utsette er pleie- og omsorgssektoren, der straumavhengig utstyr og beredskapssystem er livsnødvendige. Samstundes vil bortfall av gatebelysning og trafikksystem auke ulukkessjansen, medan nedstengde skular og barnehagar kan få store konsekvensar for familiar. Dette understrekar behovet for robuste beredskapstiltak på tvers av sektorar, inkludert alternative straumkjelder og kriseplanar for langvarige straumbrot.

Samla sett teiknar innspilla eit bilde av ei beredskapssituasjon der tradisjonelle utfordringar vert forsterka av nye demografiske, økonomiske og teknologiske trendar. Dette krev ein helheiterleg tilnærming der ein ser samanhengen mellom ulike samfunnssektorar for å byggje ein meir robust beredskap.

### **Punkter til videreføring i del 2 (mål og strategiar):**

- Vidare arbeid med mål og strategiar for ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse) og beredskap bør ta omsyn til desse sentrale punkta:
- Først må ein sikre at alle eksisterande sektorplanar, som trafikksikkerhet, VVA (vatn og avløp) og næring, inkluderer ROS-vurderingar. Dette er særleg viktig for å identifisere sårbarheit som ikkje er dekt i dagens planar. Samstundes bør helse og oppvekst få tydelegare plass i beredskapsplanlegginga, sidan desse områda direkte påverkar samfunnet sin motstandskraft.
- For det andre bør ein kompetanseplan styrkjast og være ein del av planstrategien.
- For det tredje bør areal- og naturforvalting inkludert i beredskapsvurderingane, sidan avgrensa areal og klimaendringar kan skape nye utfordringar. Dette gjeld også balansen mellom utbygging og vern, som kan påverke både krisehandtering og langsiktig beredskap.
- Til slutt bør det arbeidast meir med samordning mellom planar og sektorar, slik at beredskapsstrategiane ikkje vert for einsidige eller oppdelte. Dette inkluderer betre samlokalisering av tenester, forenkling av byråkrati, og meir fleksible løysingar som kan tilpassast raskt ved endringar i truslar eller ressursar.

- Kort sagt bør vidare arbeid med ROS og beredskap fokusere på heilskap, kompetanse, samordning og tilpassingsevne - slik at kommunen er betre førebudd på både kjende og uventa utfordringar.

#### **Nokre konkrete tiltak som vert føreslått:**

- Etablere varslingsløysingar og kontaktpunkt for publikum, inkludert testing av system og tydelege kommunikasjonskanalar. Dette krever også at befolkninga må bli opplyst.
- Oppretting av kommunale beredskapslager
- Betra IKT-sikkerhetsopplæring (for å unngå GDPR-brot)
- Auka fokus på krisekommunikasjon (alternative informasjonskanalar)
- Hyppigare beredskapsøvingar (særleg for brann, straumbrot, epidemiar)

#### **Diskusjon om behov for oppdatering av temaplanar/sekterplanar**

Diskusjonen viser at fleire av dei eksisterande temaplanane har behov for oppdatering eller styrking, samtidig som det vert peikt på behov for nye planar i enkelte område. Det var påpekt at den heilsamelege planen for pleie og omsorg ikkje lenger er tilstrekkeleg, sidan han ikkje tek omsyn til fysiske bygg, arbeidsforhold eller samlokalisering.

Trafikksikringsplanen, VVA (vatn- og avløpsplan) og næringsplanen vart trekt fram som døme på planar som bør gjennomgåast, særleg med omsyn til ROS-vurdering (risiko- og sårbarheitsanalyse). Dette understrekar behovet for betre risiko- og beredskapsvurderingar i eksisterande planar.

Den helsamelege planen for oppvekst ikkje er tilstrekkeleg førebudd, samtidig som det vart føreslått at kulturarv bør få større plass.

Det vart påpekt at også helse bør vere betre representert i planlegginga, noko som tyder på at dagens planar ikkje nødvendigvis speglar alle relevante sektorar.

Samla sett viser diskusjonen at det er behov for noko oppdateringar av eksisterande planar og eventuelt utvikling av nye.